



## Månadsbrev april 2017

Mars vart aktiv, som venta. Skidagen vart flott med sol og ein fin, om enn lang tur, og Øvre Sirdal viste seg frå si beste side att då 1.-4.-klassingane på Tonstad og Sinnes hadde skiaktivitetsdag på Tjørhom! Romeo og Julie-framsyninga fascinerte, men dessverre vart konserten med Veronica avlyst pga. sjukdom. Friluftslivturen til valfagsgruppa vart utsett til slutten av månaden pga. uvêr, men gjekk **strålande** då dei kom seg av garde. Kartleggingsprøvar og konferansar på første-, mellom- og ungdomstrinn er vel gjennomførde, og det same er hospitering og arbeidslivspraksisen for 9. klasse. Hanne og Madli hadde eit engasjert innlegg på ungdomskonferansen 27. mars, og fekk positiv respons frå politikarane, så dei arbeider vidare med m.a. ein stad å kunna samlast. May Tone Josdal har ikkje fått gjennomført praksisen som planlagt pga. dødsfall i nær familie, så ho kjem til å ta praksisperioden neste skuleår i staden.

I april vert det mykje påskeferie, men **6.-7. klasse** på Sinnes og Tonstad skal ha **skiaktivitetsdag** på Tjørhom 5. april. Lærarane startar opp med **planleggingsdag** 18. april i Flekkefjord med inkludering, tidleg innsats og tilpassa opplæring som tema, og leiarane i skuleeininga held fram dagen etter med same tema med spesielt fokus på leiing. 20. april vert det føredrag med Statens naturoppsyn for ungdomsskuleelevane og **konsert for 1.-7. klasse; Agderfolk. "Musica popolare på italiensk, Muzyka folkowa på polsk, folkemusikk på norsk. Musikk har også ulike språk og dialekter. Dette er lyden av Østfolk! (...) ofte lærte folk melodier av hverandre og til hverandre og så vandret de fra munn til munn, fra øre til øre, fra ett sted i landet til et annet. Derfor kaller vi det vandreviser og folkeviser. (...) I forestillingen Østfolk i Vest-Agder har vi selvsagt hentet eventyr, sagn og musikk fra Vest-Agder. Og for en skatt som finnes i dette fylket! Kanskje spiller vi en reinlender fra der du går på ski om vinteren.**" <http://vaf.ksys.no/produksjon/86801> Hugs **temakvelden** på Tonstad 20. og **føredraget** på Tjørhom 25.! 24. april markerer me verdas bokdag heile dagen m.a. med besøk og eit skriveoppdrag, og 26. april er det **onsdagsskule** for 1.-4. klasse, før me tar **langhelg** 28. april t.o.m. 1. mai.

Sjølv om det berre er ei veke til påske, vil me gjerne at de svarer på **den lokale trivselsundersøkinga på nett** saman med barnet/barna dine. Du finn lenka på vekeplanen for veke 14. Dess meir konkret informasjon, dess betre kan skulen følgja opp. Absolutt siste svarfrist er 12. april, og i år vonar me at ungdomsskulen vert godt representert, dvs. har høg svarprosent.

Det kan synast tidleg, men hugs at om de ynskjer **SFO i feriar**, må dette søkjast om minst tre (3) veker på førehand, gjerne før!

**Med ynskje om ein strålande påskeferie og fin langhelg i månadsskiftet april/mai!**



Sinnes 01.04.17, Åse-Berit